

---

**Saksnr:** 2020/77152-93  
**Saksbehandlar** Arild Knapskog  
**Dato:** 12.11.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

---

### Uttale frå RMNF - Nye kontraktar individuelt tilrettelagt skuleskyss

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne handsama i møte 12. november 2021 PS 37/21 «Nye kontraktar individuelt tilrettelagt skuleskyss».

Rådet gav følgjande uttale:

RMNF er gjort kjent med at det har vore ein del problem med at drosje ikkje har kome til rett tid, og at elevar har opplevd å kome for seint til skulen eller bli henta for seint. Vi ber derfor om at retten til å klage, og til kven, skal synleggjerast. Konkurransen og kontraktane må innehalde punkt som gjer at det kan reagerast mot løyvehavar dersom kravet om punktlegheit ikkje er oppfylt.

Kvalitet for brukar må sterkare vektleggast. Det er viktig å peike på at for enkelte brukarar er det svært viktig å ikkje måtte forhalde seg til mange ulike og ukjente sjåførar. Tenesta må opplevast som trygg og føreseieleg.